

Fra: Hans Jørgen Andersen (andersen@hardangerfjord.com)

Sendt: 20.10.2017 16:57:23

Til: Hordaland Fylkeskommune - Postmottak

Kopi:

Emne: 2017/4336 Høyringsuttale frå Reisemål Hardanger Fjord AS til investeringsprogrammet til regional transportplan 2018-2029

Vedlegg: image002.jpg;image004.jpg

Til Hordaland fylkeskommune

Høyringsuttale til Investeringsprogrammet for fylkesvegnettet transportplan Hordaland 2018-2029

Reisemål Hardanger Fjord AS (RHF) er destinasjonsselskapet for dei 7 hardangerkommunane og reiselivsverksemdar i Hardangerregionen, og vi takker for moglegheita til å gje innspel til investeringsprogrammet for RTP 2018-2029.

Regional transportplan inneheld punkt om reiseliv, dette er nytt, og sender eit viktig signal frå fylkeskommunen om at behova for dei som besøker Hordaland skal vere eit av premissa ved planlegging av infrastruktur og kollektivtrafikk. Dette ser RHF på som eit særskilt viktig signal. God kommunikasjon og tilgjenge for tilreisande skapar ringverknader i heile fylket, og dei fylka i Noreg som legg godt til rette for tilreisande vil og, naturleg nok, tiltrekke seg reisande i større grad med dei positive ringverknadene det har for lokalsamfunna.

Det har dei siste åra vorte gjennomført store prosjekt i Hardanger, som Hardangerbrua, Jondalstunnelen, små og større rassikringsprosjekt m.m. Dette har gjeve betre transportårer, som igjen gjev betre moglegheiter for utvikling av eit velfungerande reiseliv. Veksten i omfanget av reiselivsaktivitet i Hardanger har dei siste 5 åra vore høg, det er få distriktsdestinasjonar i Noreg kan vise til tilsvarande vekst. Velfungerande kommunikasjonsårer er ein føresetnad for denne veksten, og vidare vekst i åra som kjem. Det er og ein tydeleg trend med auka trafikk i skuldersesong, både på våren og om hausten.

Viktige tiltak på kort og lang sikt:

På kort sikt:

Strekninga ved Kyrkjenes, nord for Kinsarvik. Ein konsekvens av slik vegen er no, er at reiselivsverksemdar og andre næringsdrivande i Hardanger mister omsetnad i høysesong.

Problema her er velkjente, med trong for trafikkregulering i høysesong av riksveg 13 fordi vegen er for smal og trafikken korkar seg utan regulering. Det bør settast inn tiltak på kort sikt som pigging av fjell, utbetre flest mogleg stader til å kunne handtere møtande trafikk, og hogging av skog for betre sikt. Snarast råd bør vegen og utbetrast til normal standard med gul midtstripe.

Sykkelvegar som alternativ til tunnelar.

I tillegg til gang- og sykkelvegar generelt, må det tilretteleggjast for gang- og sykkelvegar som alternativ til tunnelar. Døme på dette er opp Måbødalen i Eidfjord og rundt Vangdalsberget i Kvam. Dette er viktige tiltak for å legge betre til rette for sykkelturisme, som er i vekst, og vil vere viktige folkehelseiltak. Eit anna tema som ikkje går direkte på investeringsprogrammet for fylkesvegnettet er moglegheita til å ta med sykkel på buss. Dette er i dag ikkje mogleg for ein reisande å planlegge på førehand, og det finns enkle løysingar for sykkeltransport på buss om Hordaland fylke bestemmer seg for det. Eit godt førebilete finn ein hos Oppland fylkeskommune/ Opplandstrafikk.

God nok toalettkapasitet langs vegane.

Reiselivet er ein av pilarane som Hardangersamfunnet bygger på. Dei reisande reiser (naturleg nok) langs vegane, og dei har behov for toalett på lik linje med alle andre. I høve kva verdiskaping som ligg att i lokalsamfunna er det små investeringar som skal til for å legge til rette for stor nok toalettkapasitet langs vegane med tekniske løysingar som er velfungerande og organisere drift av desse anlegga.

Planlegging av vegarbeid.

Vegarbeid og vegstengingar er naudsynt for å skape eit betre vegnett, det forstår vi. Det er viktig at dette gjerast med minst mogleg negative verknader for lokalsamfunna, og det forstår vi kan stå i konflikt med eit ynskje om

effektivt arbeid med sjølve tiltaket på vegen. Der det er mogleg ber vi om at representantar for næring og lokalsamfunn vert konsultert og orientert i planleggingsfasen av større vegarbeid. For vår eigen del har vi over 100 medlemsverksemdar der vi rakst kan hente inn synspunkt, og vi informerer 2.500 kontaktar i reiselivsbransjen når det er hendingar, planlagde eller ikkje, som verker inn på trafikktilhøva i Hardanger.

På lengre sikt:

Sikre vintervegar mellom Austlandet og Vestlandet er eit viktig tiltak for å utvikla lågsesong (1. oktober – 30. april) i Hardanger. Dette handlar om å skape føresetnader for heilårsarbeidsplassar og busetting i regionen. Slik tilhøva er no kan ikkje kundar på Austlandet vere 100% sikker på av vegane er farbare, og ein må forhalde seg til at dei kan verte stengde. Då vert det få gjestar uansett kor freistande tilbod som vert utvikla.

Ferjeanbod

Ferjene er viktige samband, og for mange av våre tilreisande er det her dei får opplevinga av fjordlandskapet sett frå fjorden. Om dei sit i botnen av ferja er det ikkje rare opplevinga å sende melding om heim. Vi ynskjer ferjer med gode salongar med utsikt, moglegheit for servering og med plass til brosjyremateriell og plakatar. Og at kapasiteten på sambanda er stor nok til å ta unna trafikk, både i høg- og lågsesong.

På vegne av styret og administrasjonen i RHF,

Med vennleg helsing

Hans Jørgen Andersen

Reiselivsdirektør/manager

Reisemål Destination Hardanger Fjord AS

T +47 5655 3870 M +47 411 611 87 www.hardangerfjord.com



Follow [VisitHardangerfjord](https://www.facebook.com/VisitHardangerfjord) on facebook

